



Referat frå Årsmøte i Haugaland Golfklubb

Tid :Sundag 31. januar 2010 kl 18:00
Stad :Klubbhuset, Haugaland Golfpark Sveio

30 medlemmar med røysterett til stades.

Før opninga vart det gjort ei avklaring at det kun var frammøtte, registrerte medlemmar som hadde røysterett. Bruk av fullmakt er ikkje i samsvar med klubben og NGF sitt lovverk.

1. **Opning av årsmøtet, v/Tom Ole Tjørhom**
2. **Val av dirigent, v/ Tom Ole Tjørhom**
Eirik Apeland foreslått og vald.
3. **Valg av 2 personer for underskrift av årsmøtereferat, v/dirigenten**
Walgjerd Svartveit og Nils Arne Nesse foreslått og valde.
4. **Godkjenning av innkalling, v/dirigenten**
Innkalling vart godkjent utan merknader.
5. **Godkjenning av sakslisten, v/dirigenten**
Saksliste vart godkjent utan merknader.
6. **Tellekorps**
Karen Irene Lund Ekrene og Sigmund Tveit foreslått og valde.
7. **Behandling av årsmelding frå styret, v/ Tom Ole Tjørhom**
Årsmeldinga var lagt ut på klubbhuse, så oppsummeringa av året 2009 vart kortfatta gjennomgått av Tom Ole Tjørhom.
Viktige saker som vart omtalt:
 - Ny samarbeidsavtale med baneselskapet
 - Avtale med baneselskapet om fordeling av oppgaver og kostnader for nyttilsett klubbsekretær
 - Halvor Eilerås tilsett som klubbsekretær på heiltid
 - Jorun Skåden vald inn som varamedlem til styret i NGF

Det vart spurd frå salen kvifor så få av dei som startar på grøn kort kurs blir medlemmar i klubben.

Til dette vart det svart at det generelt har vore litt høg terskel for å fullføra grønt kort til medlemskap. Det vert sett lit til at det nye opplegget frå NGF

for å byrja med golf rettar opp dette. I 2009 har om lag 40 % av dei som fullførte grønt kort kurs meld seg inn som medlemar i klubben.

På spørsmål frå salen vart det opplyst at klubben per 31.12.2009 har 797 medlemar. Kor mange av desse som er seniorar var det ingen som hadde svar på.

Etter dette vart årsmeldinga **einstemmig godkjent** utan merknader.

8. Behandling av revidert stand regnskap, v/Kristin S. Hassel

Revidert rekneskap vart framlagd og gjennomgått
Revisorane sin beretning for 2009 vart lest opp.

På spørsmål frå salen om kvifor inntekt frå betalande medlemar var lågare enn budsjettert, vart det svart at om lag 30 ferre enn antatt har betalt kontingent for 2009. Desse er framleis registrert som medlemar, og kan etter regelverket vera innbetaling.

På spørsmål frå salen vart det informert at dei som unnlet å betala kontingent ikkje kan spela vidare, og ikkje kan melda seg inn i ny klubb, før dei formelt er utmeld i vår klubb (det vert lagt inn sperre i korta deira).

På spørsmål frå salen vart det svart at ein ikkje kan trekkja ubetalt kontingent frå verdien av andelen.

Det vart også stilt spørsmål rundt greenfee. Svaret på dette er at det ikkje er ei klubb-, men ei banesak.

Etter dette vart rekneskapet for 2009, med overskot på NOK 151 913,08, **einstemmig godkjent**.

9. Behandle innkomne forslag, v/ Tom Ole Tjørhom

Avtale med baneselskapet

Forslag til ny samarbeidsavtale mellom klubb og baneselskap var lagt ut saman med sakspapira.

Styret har i samarbeid med baneselskapet i 2009 utarbeid omforeint tekst til ny samarbeidsavtale. Avtaleteksten vart kort gjennomgått. På spørsmål om klubben si mulighet for å påverka speleavgift, vart det forklart at eventuell endring i speleavgift skal skje i samråd mellom baneselskap og klubb.

Det framlagde forslaget til ny samarbeidsavtale vart **einstemmig vedteke** utan merknader.

Passivt medlemskap/spelerett

Rune Røksund og Martin Lundgren fremma forslag om at "passivt medlemskap" skulle innehalda ei yting relatert til "eit antal greenfees" til slike medlemar, noko den ikkje gjer i dag. Styret forklarte at klubben i samsvar med regelverk ikkje har passivt medlemskap, og gjen nytelse frå baneselskapet for passiv spelereitt i utgangspunktet er noko baneselskapet må ta stilling til.

I diskusjonen som fylgde vart det framheva at:

- For yngre medlemar som stiftar familie kan det i periodar bli mindre golfspelning. Då blir det, som i dag, ei utfordring når ein skal betala 1750 kr. per år, utan at ein har ei gjen nytting frå klubb/baneselskap med omsyn til "eit antal grennfees".
- Kva kan ein få att for dei 750 kr. som vert betalt til baneselskapet?
- Kva med ei ordning for hyttefolk – "sumarspelarar"?
- Klubben og baneselskapet må lytta til medlemane om differensierte medlemskap/spelerettar.
- Nedsetting av komité for å sjå på dette

Diskusjonen enda opp i fylgjande årsmøtevedtak:

Det nye styret får i oppdrag av årsmøtet å avklara med baneselskapet om og korleis klubb og baneselskap kan tilpassa medlemene sine økonomiske forpliktelsar til klubb og baneselskap, med utgangspunkt i forslaget frå Rune Røksund og Martin Lundgren.

Dette vart vedteke mot 2 stemmer.

Administrativ klubbrepresentasjon

Styret sitt forslag om at årsmøtet gjev styret fullmakt til utpeika kven som skal representera klubben ved offisielle representasjonsoppgåver vart einstemmig vedteke.

10. Fastsetjing av medlemskontingent, v/ Tom Ole Tjørhom

Styret sitt forslag til medlemskontingent og kategoriar for 2010 er dei same som for 2009, d.v.s. inga endring:

Kontingent kategori	Kontingent
Hovedmedlem	1.000,-
Ektefelle/samboer	700,-
B-medlem	700,-
Student	700,-
Ungdom 18-20	500,-
Junior 13-17	500,-
Barn 5-12 (ikke NG)	250,-

Styret sitt forslag vart **vedteke mot 4 stemmer**.

Dette vedtaket er ikkje i konflikt med vedtaket ovanfor om at klubben inviterar baneselskapet til ei avklaring rundt medlemsavgift og spelerett-kategoriar.

11. Vedtak av budsjett, v/Kristin Hassel

Forslag til budsjett for 2010 vart gjennomgått.

På spørsmål om auke i premiar, vart det svart at dette har samanheng med "weekly medal" som no har ein heilt annan frekvens og oppslutnad enn tidlegare.

På spørsmål om større endring i startkontingent, vart det opplyst at me i 2010 ikkje vil ha større turneringar som Titleist Tour og NM lag.

På spørsmål om Norsk Golf, vart det opplyst at dette var obligatorisk for medlemar tilslutta NGF, men maksimalt eit eksemplar per husstand, der fleire i husstanden er medlemar.

På spørsmål kvifor sportsleg satsing var redusert frå 80 000 i 2009 til 55 000 i 2010 vart det svart fylgjande:

- I 2009 var det reelle talet 65 000 etter som 15 000 vart overført til kursing (m.a. turneringsleiarar) ved starten av 2009.
- Det har i 2009 vore liten breidde på seniornivå, og gjennytelsane har vore få.
- Dei budsjetterte 55 000 er foreslått fordelt med 10 000 på senoirar og 45 000 på juniorar.

Framlagt budsjett for 2010, med fylgjande presisering: Budsjetterte midlar til sportsleg satsing vert fordelt med 10 000 kr. på seniornivå og med 45 000 kr. på juniornivå vart **einstemmig vedteke**.

12. Val:

Valkomiteen sitt forslag, v/Lars Tveter

Styrelleiar for 1 år	: Erik Søndervik foreslått og einstemmig vald.
To styremedlemar for 2 år	: Øyvind Johansen og Andreas Sørensen foreslått og einstemmig valde.
To vararepresentantar for 1 år	: Anne-Margrethe Olsen Tøsse og Kristen Thorsen foreslått og einstemmig valde.
To revisorar for 1 år	: Sigurd Østensen og Asbjørn Natås foreslått og einstemmig valde.
Styremedlemar ikkje på val	: Hilde Jørgensen og Terje Kleppe

3 medlemmer til ny valgkomité : Styret sitt forslag på **Kristin Hassel, Ivar Lønning og Lars Tvetter** einstemmig tilslutta

Dei 5 som no gjekk ut av styret: **Tom Ole Tjørhom, Kristin Hassel, Terje Apeland, Karen Irene Lund Ekrene og Halvor Eilerås** fekk overrekt blomster som velfortent takk for innsats gjennom fleire år.



Terje Kleppe
Skrivar

Godkjenning av årsmøtereferrat / 2010



Walgjerd Svartveit



Nils Arne Nesse

